

# HAMNEDAGANE

- LEVANDE KYSTKULTUR -

**Helga 19.—20. august samlast både store og små til to flotte festdagar ved Kleppesjøen i Sund. Kleppe Grendalag inviterer til kystkultur i Johannes Kleppevik si heimbygd med ei feiring av Henjo — 100 år.**

19.—20. august

**Fredag: HAMNEMILA 1852**  
**Fredag: HAMNEKONSERTEN**

**Laurdag: HAMNEDAGEN**  
**Fiskekonkurransen**  
**Kystkultur**  
**Historiar**  
**Marknadsbuer**  
**Minikonsertar**  
**God mat**  
**Leik**

**Kystsoge** 20.gang  
**vekene** 2016  
13. august til 18. september  
[www.kystsogevekene.no](http://www.kystsogevekene.no)

# Hamnedagane 2016—Konseptbeskriving

Med erfaring frå 2015, vert det i år to dagar med aktivitetar, underhaldning, kultur og anna på Kleppe i august.

Hamnedagane er ein del av Kystsogevekeane på vestlandet.

Dagane våre skal gi folk eit tilbakeblikk på førre århundre med fiske, musikk, historiar, mat, leik, fysisk anstrenging og mykje anna.

På fredag startar helga med **HAMNEMILA—1852**. Ei nautisk mil er 1852 meter som også er avstanden frå Hamna i Kleppesjøen til Kleppeaksla. Dette inviterer til konkurranse for dei spreke og mosjonistane.

Vivian Steinsland ber vidare tradisjonar frå Johannes Kleppevik og kystkulturen i Sund. I løpet av våren og sommaren kjem Vivian med ei plate som vil vere fersk til Hamnedagane. Ho kjem med band og lagar **HAMNEKONSERTEN** på fredag kveld. Dette vert ein konsert med 18 års aldersgrense.

Laurdag vert ein festdag, der folk frå nært og fjernt fyller nausta rundt hamna i Kleppesjøen. Både dei eldre som ønskjer å dele av sine ungdomsår, dei vaksne som ønskjer å lære eller dei unge som kjem for å leike og treffe vener, vil finne noko kjekt her. **HAMNEDAGEN 2016** vert fylt med musikk, kultur, leik, marknad, fiske, kafe, konkurransar, underhaldning og mykje meir.

I år er Henjo 100 år, noko som er viktig for oss.

”Kulturnaustet” vil innehalde ei utstilling av bilete og historiar frå dei tider då Henjo var i bruk til fiske i bygda. Det er viktig for oss å få fram dei eldre til å fortelje korleis Henjo vart nytta og kva plass ho hadde i bygda.

Der vil ligge eit utval av trebåter i hamna. Båter som kan fortelje og båter som kan ta deg med på ein fisketur. Elias, brann – og politibåt vil også kome til glede for barna.

For dei som vil starte dagen tidleg, så er det mulig å få prøve seg som storfiskar i den årlige fiskekonkurransen. Der vil det bli konkurrert i fleire klassar om å få heim den største fisken.

I indre hamn og området rundt Henjo vil det stå ei rekkje marknadsbuer der det vert seld lokal mat og handverk. Der vil også lokale organisasjonar få marknadsført seg. Om det er nokon som vil prøve seg på lykkhjulet eller kaste hestesko så er det høve til det, men dei aller yngste har kanskje heller lyst på ein tur på hesten eller Eliasbåten.

Johannes Kleppevik vert minna gjennom musikk på **HAMNEKONSERTEN** og i utstillingar. Frå scenen sentralt på området vert Johannes Kleppevik minnepris delt ut til person eller organisasjon som på ein framifrå måte fremjar kystkultur i Hordaland.

Kleppe Grendalag